



DEN NORSKE KYRKJA
Sykkylven kyrkjelege fellestråd (SKF)
Gravplassmyndigheita i Sykkylven kommune

Høyring - uttale til forskrift om gravplassvedtekter

I Sykkylven kommune er det Sykkylven kyrkjelege fellestråd (SKF) som er gravplassmyndigheit på vegne av alle innbyggjarane. Dette er med andre ord ei kommunalt lovpålagt oppgåve der Sykkylven kommune er økonomisk ansvarleg og der gravplassmyndigheita har ansvaret for anlegg, drift og forvaltning (jf. gravplasslova § 3).

Sykkylven kyrkjelege fellestråd har fatta vedtak om forslag til nye gravplassvedtekter for gravplassen i Sykkylven, Sykkylven kyrkjegard.

I F-sak 17/22 gjorde SKF vedtak om ei forskrift om gravplassvedtekter som ved ei ikraftsetjing vil erstatte dagens lokale vedtekter. I tråd med forvaltingslova § 37 blir denne forskrifta no sendt ut til høyring før endeleg fastsetting i fellestrådsmøtet den 17.11.2022. Vi inviterer med dette alle lag og organisasjonar, trus- og livssynssamfunn, og elles alle som ønskjer det til å gi uttale. Festarar og enkeltpersonar kan også uttale seg.

«Høringen skal tjene til å opplyse saken, forberede berørte på hva som kan bli vedtatt, gi berørte mulighet for å påvirke saksutfallet, og bidra til å samordne regelverk og andre offentlige tiltak.»
(NOU 2019: 5 punkt 31.5.3.2.)

Vidare vil ikkje endringa tre i kraft før etter at den er godkjent av statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, som er regional gravplassmyndigheit.

Vedlagt forslag/framlegg til forskrift om gravplassvedtekter er utarbeidd i lys av eit utkast frå statsforvalteren i Vestfold og Telemark (www.gravplassveileder.no). På neste side er det søkt å gjere greie for dei ulike endringar og val som er gjort. Noverande lokale vedtekter er også vedlagt (vedlegg 3).

Frist for skriftleg uttale er sett til 31.10.2022

Send til kyrkjevevje@sykkylven.kyrkja.no

Sykkylven, 15.09.2022

v/gravplassutvalet;
Bergljot Hjortdal, *fellestrådsmedlem frå Ikornnes sokn*
Therese Utgård, *fellestrådsmedlem frå Sykkylven sokn*
Arild Sporsheim, *kyrkjevevje/dagleg leiar*

Vedlegg 1: Kommentatarar til forslag til forskrift

Vedlegg 2: FRAMLEGG Forskrift om gravplassvedtekter - Sykkylven kommune

Vedlegg 3: Vedtekter for Sykkylven kyrkjegard

Postadresse:
Kyrkjevegen 24
6230 Sykkylven

Besøksadresse:
Kyrkjekontoret
Kyrkjevegen 24
6230 Sykkylven

Tlf.: 70 24 69 00
E-post: post@sykkylven.kyrkja.no
Heimeside: www.sykkylven.kyrkja.no
Org. nr.: 976 997 298 Kontonr.: 4045.30.34315



DEN NORSKE KYRKJA
 Sykkylven kyrkjelege fellesråd (SKF)
 Gravplassmyndigheita i Sykkylven kommune

Kommentarar til forslag til forskrift

- Tittelen på vedtektene er i tråd med departementsrundskriv Q-05/2022 som seier:
"Forskrift om gravplassvedtekter, [kommunenavn] kommune, [fylkesnavn]".
- Paragrafnummera i nye og «gamle» vedtekter er noko ulikt/forskjøve.
- § 11. Namna minnelund
 Dette er ein ny paragraf.
 - her er forslaget å kunne tilby å feste vidare lik dei andre gravene på gravplassen.
 Alternativet som dermed er valt vekk er å ikkje gi denne anledninga.
 - i samband med dette er forslaget å kunne tilby feste av grav attmed. Alternativet
 som dermed er valt vekk er å ikkje kunne gi tilbod om dette.
- § 15. Ikraftsetjing og oppheving av eldre vedtekter
 Dette er også ein ny paragraf.
 I lys av forslaget til statsforvaltaren ser ein det som ret å gjere det på denne måten i
 staden for å redigere vedtektsdokumentet vi har frå før.

- § 1. Forvaltning
 Denne viser at gravplassforvaltninga i kommunen er lagt til Sykkylven kyrkjelege
 fellesråd. Gravplassloven § 3 presiserer kommunen som økonomisk ansvarleg.
- § 2. Definisjonar
 Den innehar definisjonar av ulike begrep innanfor dette forvaltningsområdet. Dette
 blir sett på som nyttige presiseringar/avklaringar.
- § 3. Ferdsel på gravplassane
 Dette er med grunnlag i gravplassforskrifta § 9, og ordlyden er omlag likelydande.
 Begrepet «køyring» er vektlagt med utgangspunkt i å gjelde større køyretøy, men
 tenker samtidig at dette vil kunne være ein heimel ved eventuelle framtidige
 utfordringar knytta til annan form for motorisert køyring.
§ 3 er jf. med § 14 i dagens vedtekter.
- § 4. Gravplasstilhøyrslø
 Denne stadfester at alle innbyggjarane i Sykkylven kommune soknar til ein og same
 gravplass.
§ 4 er jf. med § 3 i dagens vedtekter.



DEN NORSKE KYRKJA

Sykkylven kyrkjelege fellesråd (SKF)
Gravplassmyndigheita i Sykkylven kommune

- §5. Fredingstid
Jf. gravplasslova § 9 er dette minimum fredingstid, og dette er uendra frå dagens vedtekter § 4.
- § 6. Feste av grav med meir
§ 6 er jf. med § 5 i dagens vedtekter.
- § 7. Grav og gravminne
Eit nytt moment i denne paragrafen er første setninga som heimlar behovet for plassering av jord og mellombels flytting av gravutstyr.
Utkastet frå statsforvaltaren skisserer 3 alternativ der forslaget er med alternativ 2:

Alt. 1

Det er ikkje høve til ramme inn plantefeltet eller delar av det med hekk eller døde materiale.

Alt. 2

Det er høve til å ramme inn plantefeltet med ein delt steinkant som fluktar med terrenget omkring.

Alt. 3

Det er høve til å ramme inn plantefelt med delt steinkant eller bedplate som fluktar med terrenget omkring. Bedplate og fundament for gravminne skal ikkje henge saman.

Siste avsnittet i kursiv kjem ikkje av utkastet frå statsforvaltaren, men er henta frå dagens vedtekter. Grunngevinga er den ulike praksisen som allereie er på gravplassen, og utfordringar knytt til 100% handheving av dette.

§ 7 er jf. med § 6 i dagens vedtekter.

- § 8. Plantefelt
§ 8 er jf. med § 7 i dagens vedtekter.
- § 9. Plantemateriale
Nytt er at materiale skal være fullt ut komposterbare.
§ 9 er jf. med § 8 i dagens vedtekter.
- § 10. Stell av grav
§ 10 er jf. med både §§ 9 og 10 i dagens vedtekter.
- § 11. Namna minnelund
Dette er ein ny paragraf.
 - her er forslaget å kunne tilby å feste vidare lik dei andre gravene på gravplassen. Alternativet som dermed er valt vekk er å ikkje gi denne anledninga.
 - i samband med dette er forslaget å kunne tilby feste av grav attmed. Alternativet som dermed er valt vekk er å ikkje kunne gi tilbod om dette.



DEN NORSKE KYRKJA

Sykkylven kyrkjelege fellesråd (SKF)
Gravplassmyndigheita i Sykkylven kommune

- § 12. Bårerom
§ 12 er jf. med § 11 i dagens vedtekter.
- § 13. Næringsverksemd
§ 13 er jf. med § 12 i dagens vedtekter.
- § 14. Arbeid på gravplassane
Nytt er at den tydeleg regulerer arbeidstid og arbeidsdagar, samt omsynet til seremonielle eller rituelle handlingar.
§ 14 er jf. deler av § 14 i dagens vedtekter.
- § 15. Ikraftsetjing og oppheving av eldre vedtekter
Dette er også ein ny paragraf.
I lys av forslaget til statsforvaltaren ser ein det som ret å gjere det på denne måten i staden for å redigere vedtektsdokumentet vi har frå før.

FORSKRIFT OM GRAVPLASSVEDTEKTER, SYKKYLVEN KOMMUNE, MØRE OG ROMSDAL

Jf. lov av 7.juni 1996 nr. 32 om gravplassar, kremasjon og gravferd (gravplasslova) § 21 (1) , § 8 (1) og § 14 (1) og forskrift til lov om gravplassar, kremasjon og gravferd av 10. januar 1997 nr. 16 (gravplassforskrifta) § 15a (4), jf. gravplasslova § 14 (1) og § 21 (1).

Vedtatt av Sykkylven kyrkjelege fellestråd (dato)

Godkjent av Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark (dato)

§ 1 FORVALTNING

Gravplassen i Sykkylven kommune er underlagt Sykkylven kyrkjelege fellestråd.

§ 2. DEFINISJONAR

Gravplassmyndigheit: Sykkylven kyrkjeleg fellestråd under utøving av forvaltningsansvaret sitt for gravplassen i Sykkylven kommune, jf. gravplasslova med forskrifter.

Fri grav: Grav som gravplassmyndigheita har tildelt ein avdød person frå kommunen, og som det ikkje blir betalt festeavgift for i fredingstida.

Festa grav: Grav som det er inngått eller fornya festeavtale for, jf. gravplasslova § 14.

Festa gravstad: Fleire kistegraver som er festa saman.

Ordinær urnegrav: Grav til oskeurne med plass til fire urner, jf. gravplassforskrifta § 14.

Urnegrav i minnelund: Grav til oskeurne i minnelund med plass til éi urne.

Kistegrav: Grav som stettar forskrifta sine krav til storleik for gravlegging av kister. I ei kistegrav kan det også gravleggjast urner.

Fredingstid: Tidsrom frå siste gravlegging til grava kan takast i bruk igjen til ny gravlegging.

Festetid: Tida det er avtala å feste ei grav for.

Ansvarleg for grav: Den som er ansvarleg for ei fri grav.

Festar: Den som står som part i ein festeavtale.

Anonym minnelund: Gravfelt for anonyme graver. Feltet kan ha eit felles minnesmerke utan opplysningar om kven som er gravlagt.

Namna minnelund: Gravfelt med felles minnesmerke med namn og data på dei som er gravlagde der.

§ 3. FERDSEL PÅ GRAVPLASSANE

Besøkande skal om mogeleg ferdast gåande, jf. gravplassforskrifta § 9 (2). Gravplassmyndigheita kan etter søknad gi løyve til å køyre ved dokumentert sjukdom/forflyttingshemming. All køyring skal skje særleg omsynsfullt.

§ 4. GRAVPLASSTILHØYRSLE

Avdøde personar i kommunen kan gravleggjast ved Sykkylven kyrkjegard, som er den einaste kommunale gravplassen i Sykkylven kommune. Dei har rett til fri grav så langt grava er tilvist.

Avdøde personar som på grunn av sjukdom eller alderdom har budd i ein annan kommune mot slutten av livet, blir medrekna på same måte som kommunens egne innbyggjarar, og har rett til fri grav så langt grava er tilvist.

Avdøde personar frå andre kommunar kan bli gravlagt i kommunen mot at kostnadane ved gravferda og avgift som ved feste av grav blir betalt.

§ 5. FREDINGSTID

Fredingstid for kistegraver er 20 år.

Fredingstid for urnegraver er 20 år.

Gravplassmyndigheita kan vedta lengre fredingstid for enkelte graver.

§ 6. FESTE AV GRAV MED MEIR

Når kistegrav skal takast i bruk er det høve til å feste ei grav ved sida av, og etter søknad til gravplassmyndigheita; for ei ekstra grav i tillegg når behovet tilseier det. Desse gravene utgjer då éin gravstad.

Ved bruk av ordinær urnegrav, sjå definisjon av "ordinær urnegrav" i § 2 *Definisjonar*, kan det ikkje bli festa ei grav ved sida av.

Ved feste av grav ved sida av den kistegrava som blir tatt i bruk, er festetida 20 år.

Når festetida/fredingstida er ute, kan grava/gravstaden bli festa for nye 5 år. Når det er gått 60 år etter siste gravlegging, kan festet ikkje bli fornya utan etter særleg samtykkje frå gravplassmyndigheita.

I god tid før festetida er ute skal festaren bli varsla. Er ikkje festet blitt fornya innan seks månader etter forfall, fell grava eller gravstaden tilbake til gravplassen.

Innbetalt festeavgift blir berre betalt tilbake dersom tilbakebetaling følgjer av bindande rettsreglar eller det ligg føre særlege grunnar.

Ingen kan bli gravlagt i festa grav/gravstad utan festaren sitt samtykkje. Dersom det ikkje er råd å hente inn samtykkje frå den ansvarlege eller festaren til bruk av grav, kan gravplassmyndigheita ta avgjersle om gravlegging.

Festar pliktar å melde adresseendring.

§ 7. GRAV OG GRAVMINNE

Ved opning av grav kan jord bli lagt på omkringliggende graver og gravutstyr kan mellomtids bli flytta. Gravplassmyndigheita sørgjer for istandsetting igjen, og vil også sjå til at grava blir planert og tilsådd med gras etter gravlegging. Montering av gravminne kan først skje etter at gravplassmyndigheita har godkjent gravminnet og merka staden der det skal stå. Det kan ikkje bli sett opp tidlegare enn 6 månader etter gravlegging av kiste. Gravminne på urnegrav kan bli sett opp med ein gong etter urnenedsetting. Så lenge ein ventar på gravminne sørgjer gravplassmyndigheita for eit merke med avdøde sitt namn på.

På nyfesta gravstad skal gravminnet plasserast sentrert i bakkant av gravstaden.

§ 8. PLANTEFELT

Framfor gravminnet er det høve til å opparbeide eit plantefelt i høgde med bakken omkring. Det må ikkje vere breiare enn gravminnet si breidde, men kan i alle tilfelle vere opp til 60 cm breitt. Det kan ikkje stikke lengre fram enn 60 cm, målt frå gravminnet sin bakkant. Det kan ikkje plantast vekstar som overstig gravminnet si høgde eller går utover plantefeltet. Det er ikkje høve til å bruke faste dekorgjenstandar som blomsterurner, lyfter mv. i plantefeltet. Det er høve til å tenne stearinlys og oljelampe på grava, så lenge dette er innanfor gjeldande reglar om brannvern. Stearinlys, oljelamper og andre lause dekorgjenstandar skal fjernast etter bruk.

Det er høve til å ramme inn plantefelt med delt steinkant som fluktar med terrenget omkring.

Dersom det ikkje er aktuelt å ha plantefelt, skal det vere grasbakke på alle sider av gravminnet.

Det er ikkje høve til å ramme inn grava med hekk eller døde materiale.

Dersom nokon monterer annan innramming enn det som er tillate, eller monterer faste dekorting på gravminne eller i plantefeltet, er det ikkje gravplassmyndigheita sitt ansvar, og det vert ikkje erstatta ved evt. skade. Ein gjer då dette på eige ansvar.

§ 9. PLANTEMATERIALE

Planter, kransar og liknande materiale som blir nytta ved gravferd eller ved pynting av grav og som endar som avfall, skal fullt ut vere kompostérbare.

§ 10. STELL AV GRAV

Kvar ansvarleg for frigrav eller gravfestar har rett og plikt til å stelle den grava vedkomande har ansvaret for. Plantefelt som ikkje blir tilplanta eller stelt skal såast til av den ansvarlege eller bli sådd til av gravplassmyndigheita.

Ansvarleg for grav eller festar pliktar å halde gravminnet sikra og i forsvarleg stand.

Ansvarleg for grav eller festar kan gjere avtale om at kyrkjelege fellesråd, og den som får løyve til det etter § 13, kan utføre planting og stell av grav. Ein slik avtale frittek ikkje den ansvarlege eller festar frå det ansvaret dei har etter reglane som til ei kvar tid gjeld.

§ 11. NAMNA MINNELUND

Ved gravlegging i namna minnelund skal namn og data til avdøde først på ei namneplate på felles minnesmerke.

Graver i namna minnelund kan bli festa etter fredingstidas utløp på lik linje med andre graver på gravplassen. Det vil likevel ikkje vere høve til å gravleggje på nytt i grava.

I namna minnelund kan det bli festa ei grav attmed. Dette gjeld også urnegrav, sjå definisjon av "urnegrav i minnelund" i § 2 *Definisjonar*. Ved feste av grav attmed skal det betalast festeavgift frå tidspunktet då den første grava blir tatt i bruk. Ved feste av grav attmed i namna minnelund vil ikkje gravene nødvendigvis kome attmed kvarandre, men namneplatene.

Avgift for bruk av namna minnelund blir betalt frå det tidspunktet grava blir tatt i bruk.

Gravplassmyndigheita har ansvaret for felles tilplanting og stell i minnelunden. Det er ikkje høve til å opparbeide eige plantefelt for grav i minnelund. Det kan leggst ned blomar og tennast gravlys så lenge dette er innanfor gjeldande reglar om brannvern, på ein stad tilvist av gravplassmyndigheita.

§ 12. BÅREROM

Bårerom blir disponert av gravplassmyndigheita, og skal berre nyttast til oppbevaring av døde i tida fram til gravferda. Ingen har tilgang utan etter løyve. Liksyning kan berre finne stad etter samtykke frå den som står for gravferda, og vedkjem ikkje dei tilsette.

§ 13. NÆRINGSVERKSEMD

Næringsdrivande som ønskjer å drive verksemd på gravplassen skal hente inn løyve frå gravplassmyndigheita. Løyvet kan kallast tilbake dersom vedkomande ikkje rettar seg etter dei reglane som gjeld.

Slik verksemd kan berre omfatte montering, sikring og vedlikehald av gravminne og tilplanting og stell av graver.

§ 14. ARBEID PÅ GRAVPLASSANE

Anleggs- og vedlikehaldsarbeid skal skje på kvardagar i arbeidstida (kl. 07:00-17:00) og må ikkje utførast på søndagar, heilagdagane eller offentlege høgtidsdagane. Ikkje noko arbeid på gravplassen må vere til sjanse for seremoniar eller rituelle handlingar på gravplass eller i bygning på gravplass. Næringsdrivande kan berre køyre på gravplassen i den grad det er nødvendig for å utføre arbeidet. Slik køyring skal skje ekstra omsynsfullt.

§ 15. IKRAFTSETJING OG OPPHEVING AV ELDRE VEDTEKTER

Denne forskrift om gravplassvedtekter trer i kraft frå xx.xx.20xx. Frå same tid blir «Vedtekter for Sykkylven kyrkjegard», gjeldande frå 2021, for gravplassen i Sykkylven kommune, Møre og Romsdal, oppheva.

VEDTEKTER FOR SYKKYLVEN KYRKJEGARD

(gravplassen i Sykkylven)

Jf. lov av 7. juni 1996 nr. 32 om gravplasser, kremasjon og gravferd (gravferdsloven) §21.
Godkjent av Møre bispedømmeråd desember sak 45/97.

Vedtekne i Sykkylven kyrkjelege fellesråd 26. august 1997, med endringar 18. august 1998, juni 2008, mai 2013 og desember 2020 med verknad frå 1. januar 2021.

§1. Administrasjon

Sykkylven kyrkjelege fellesråd er den lokale gravplassmyndigheita i Sykkylven kommune og har ansvaret for anlegg, drift og forvaltning av gravplassen.

§2. Drift

Dagleg leiar/kyrkjevevjerje er ansvarleg for den daglege drifta av gravplassen.

Ho/han fører gravprotokoll og kartverk, skriv ut festebrev, krev inn festeavgift, tilviser graver og er styrar for avtalar om førehandsbetalt gravstell (gravlegat).

§3. Gravplasstilhøyring og rett til grav

Avlidne personar i kommunen har rett til fri grav og skal gravleggjast på den gravplassen dei soknar til, dersom dei ikkje vert gravlagde i ein annan kommune.

Dette gjeld og om den avlidne på grunn av sjukdom eller alderdom har budd i ein anna kommune mot slutten av livet.

Det same gjeld dødfødde barn når minst ein av foreldra har bopel i kommunen.

Gravplassmyndigheita kan gi løyve til at også personar utan bopel i kommunen kan gravleggjast her. Det blir då krevd dekning av kostnadane ved gravferda og avgift som ved feste av grav.

§4. Fredningstid og festetid

Fredningstid for oskeurner er 20 år.

Fredningstid for kister er 20 år.

Festetida er 5 år.

§5. Feste av grav

Feste av grav kan berre skje i samband med dødsfall.

Når kistegrav vert teken i bruk, er det høve til å feste ei grav ved sida av og etter godkjenning frå gravplassmyndigheita for ei ekstra grav i tillegg når det er bruk for det. Desse gravene utgjer då ein gravstad.

Den grava som vert teken i bruk først på ein gravstad, er fri grav i fredningstida.

Når festetida er ute kan gravstaden festast for nye 5 år. Når det har gått 60 år etter siste gravlegging kan festet ikkje fornyast utan særskilt samtykke frå gravplassmyndigheita.

Festaren skal varslast i god tid før festetida er ute. Er festet ikkje fornya innan 6 mnd. fell gravstaden tilbake til gravplassen.

Ingen kan gravleggast i festa gravstad utan samtykke frå festaren. Dersom festaren sitt samtykke ikkje kan innhentast, kan gravplassmyndigheita avgjere spørsmålet om gravlegging. Festaren pliktar å melde frå om endring av adresse.

Når festaren døyr, skal dødsboet gi gravplassmyndigheita melding om kven festet skal overførast til. Ved usemje skal gravplassmyndigheita ta avgjerd.

§6. Grav og gravminne.

Gravminnet skal før oppsetting godkjennast av dagleg leiar/kyrkjeverjen.

Gravminne som blir sett opp utan å vere godkjent, blir etter gitt frist fjerna, og rekning for dette blir sendt til leverandøren.

Gravplassbetjeninga vil syte for planering og tilsåing av grava etter gravlegging.

Gravminne kan ikkje settast opp tidlegare enn 6 månadar etter gravlegging av kiste.

I mellomtida set gravplassbetjeninga opp eit merke med namnet til den avlidne.

På ny festa gravstad set ein opp gravminne i bakkant av den grava som vert teken i bruk og senterer det på gravstaden etter neste gravlegging. Montering av gravminne skal berre skje etter nøyaktig oppmåling (merkepinne) av gravplassbetjeninga.

Når det gjeld dimensjonar og sikring av gravminne, viser ein til Forskrift til lov om gravplasser, kremasjon og gravferd (Gravferdsforskriften) 10. januar 1997, fastsett av Kirke- og utdannings- og forskningsdepartementet, sist endra 1. januar 2021.

§7. Plantefelt

Framfor gravminnet er det høve til å opparbeide eit plantefelt i høgde med bakken rundt.

Inklusiv innramming må det ikkje vere breiare enn sokkelen, og det skal ikkje gå lenger fram enn 60 cm, målt frå bakkanten av gravminnet. Det kan ikkje plantast vokstrar som er høgare enn gravminnet eller går utover plantefeltet.

Plantefeltet kan innrammast med ein delt steinkant som fluktar med terrenget omkring. Heile plater med eitt eller fleire hol for planting er ikkje tillate.

Det er heller ikkje høve til å bruke faste dekorting som liggjande plater, blomsterurner, lykter o.l. i plantefeltet. Lause dekorting skal fjernast etter bruk.

Det er heller ikkje høve til å ramme inn grava eller deler av den med hekk eller daudt materiale.

Dersom det ikkje er aktuelt å ha plantefelt, skal det vere grasbakke på alle sider av gravminnet.

Ved fornying av feste kan dagleg leiar/kyrkjeverjen krevje at alt utstyr på grava vert ordna slik at det er i samsvar med det som er bestemt i vedtekter, lovverk og forskrifter.

Ustelte plantefelt vil bli tilsådd.

Dersom nokon monterer annan innramming enn det som er tillate, eller monterer faste dekorting på gravminne eller i plantefeltet, er det ikkje gravplassmyndigheita sitt ansvar, og det vert ikkje erstatta ved evt. skade. Ein gjer då dette på eige ansvar.

§8. Plantetilfang

Plantar, kransar og liknande tilfang som vert nytta ved gravferd eller ved pynting av grav og som endar som avfall, skal i størst mogleg grad vere komposterbart.

§9. Stell av grav

Den som er ansvarleg for frigrav eller er gravfestar har rett og plikt til å stelle den grava han har ansvaret for. Plantefelt som ikkje vert tilplanta og stelt skal tilsåast av den ansvarlege eller av gravplassbetjeninga.

Gravplassmyndigheita kan syte for årleg planting på grav mot betaling.

§10. Gravstellsavtale

Mot innbetaling av eit bestemt beløp frå ansvarleg for frigrav eller festar, vil gravplassmyndigheita overta ansvaret for planting og stell av gravstaden for eit eller fleire år. Det skal i kvart enkelt høve signerast ein gravstellsavtale. Midlane vert forvalta av gravplassmyndigheita. Det innbetalte beløpet med tillegg av renter skal dekke utgiftene til planting og stell av gravstaden etter den inngåtte avtalen og til administrasjon og revisjon for eit fastsett tidsrom. Beløpet skal også dekke eventuell meirverdiavgift til staten, etter dei vedtak som til ein kvar tid gjeld for kyrkjeleg fellesråd.

Avtalen kan ikkje opprettast slik at den varer lenger enn den fredningstida eller festetida som ligg framføre. Dersom det i avtaleperioden oppstår slike økonomiske forhold at midlane ikkje strekk til, skal gravplassmyndigheita gi melding om dette til den som er ansvarleg eller festaren. Det er då høve til å auke kapitalen slik at den varer tida ut. I motsett fall vil vedlikehaldet bli avslutta når midlane er brukte opp.

Dersom det er ein rest igjen av kapitalen når avtaletida er ute, blir desse brukt til å gjere gravplassen vakrare.

Kapitalen frå dei ulike avtalane vert forvalta felles og inngår i eit samla rekneskap, men det er krav om system/reskontro som til ein kvar tid held oversikt over bevegelsar og resterande beløp på dei respektive avtalane.

§11. Bårerom

Gravplassmyndigheita disponerer bårerom. Slike rom skal berre nyttast til å ta vare på avlidne i tida fram til gravferda. Ingen har tilgjenge utan etter løyve. Liksyning kan berre gjerast etter samtykkje frå den som syter for gravferda og vedkjem ikkje dei tilsette.

§12. Næringsverksemd

Næringsdrivande som ynskjer å drive verksemd på gravplassen skal innhente skriftleg løyve frå gravplassmyndigheita. Løyve kan kallast attende dersom vedkomande ikkje rettar seg etter dei reglane som gjeld. Slik verksemd kan berre omfatte montering og vedlikehald av gravminne og planting og stell av graver.

Gravplassmyndigheita sine tilsette kan ikkje mot eiga godtgjering utføre tenester eller sal av varer som har med kyrkjegarden å gjere, for private eller næringsdrivande.

§13. Ansvar for skade

Gravplassmyndigheita er ikkje ansvarleg for skade på graver eller gravutstyr dersom skaden skjer på grunn av naturhendingar, hærverk eller tjuveri. Ein har berre ansvar dersom skaden er p.g.a. aktløyse av gravplassbetjeninga.

§14. Adferd på gravplassen

Opphald, ferdsl, arbeid og andre handlingar på gravplassen skal skje på ein sømeleg og minst mogleg støyande måte, slik at det ikkje verkar støytande på nokon.

Det er ikkje tillate å køyre på gravplassen utan etter samtykke frå dagleg leiar/kyrkjevevjen.

Besøkande skal så langt det er mogleg ferdast gåande. Hundar skal førast i band.

Etter arbeid på gravene må ein fjerne alt avfall og leggje det på tilvist plass. Reidskap som høyrer til på gravplassen skal leggjast tilbake på fast plass.

I tillegg til dei lokale vedtektene, gjeld sentrale reglar gitt i Lov om gravplasser, kremasjon og gravferd (Gravferdsloven), og forskrifter til desse.